

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-034
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 102/22 | Alver kommunestyre | 16.06.2022 |

Sommarfullmakt ordfører

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordfører (eller varaordfører i ordfører sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betyding i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt)
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordfører skal etter ferien gje tilbakemelding i referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller til det utval som har avgjerdsmunde.

Alver kommunestyre 16.06.2022:

Handsaming:

Framlegg frå S.Hauge-AP:

Fullmakten er gjeldande i kommunestyret sin sommarferie fom 17.06.2022 - tom 21.09.2022

Framlegget var vedteke mot 12 røyster (V.Vilanger-SP, L.Taule-SP, A.Byrknes-KRF, J.Romrheim-KRF, A.K.Eknes-KRF, K.V.Hamre-KRF E.M.Dale-KRF, A.Hetlebakke-KRF, A.Nordlund-SV, N.Øvreås-FRP, T.Skurtveit-AP og N.Bognøy-AP)

Kommunedirektøren sitt framlegg, med endring, vart samrøystes vedteke.

KO- 102/22 Vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordfører (eller varaordfører i ordfører sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betyding i kommunestyret sin sommarferie fom 17.06.2022 tom 21.09.2022 (sommarfullmakt)
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordfører skal etter ferien gje tilbakemelding i referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller til det utval som har avgjerdsmunde.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- Denne saka gjeld sommarfullmakt for ordførar sommaren 2022.

Saksopplysningar:**Bakgrunn:**

Kommunestyret og dei politiske utvala går inn i sommarferie, og det er ikkje planlagt politiske møter før i september 2022. For å sikre at kommunen kan halde seg innan lovpålagte fristar i diverse forvaltnings saker og følgje opp saker som haster, opnar kommunelova for å gje ordførar mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning jf. kommunelova § 6-1. Dette kallar ein gjerne ei sommarfullmakt til ordførar.

Ei sommarfullmakt til ordførar er avgrensa til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde til ordførar. I første møte etter ferien skal ordførar gje tilbakemelding i referatsak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Vurdering:

For å sikre at forvaltninga kan arbeide på ein god måte gjennom sommarferien, og at kommunen kan halde lovpålagte fristar, rår kommunedirektøren til at ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) får delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og som ikkje er av prinsipiell betydning (somalmarfullmakt). I den politiske runden i september legg ordførar frå ei referatsak om bruk av sommarfullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.